



Sak nr 14/2008

Møtedato: 3.5.08

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: 132

Faste tilskotsordningar – ny behandling

Kommunerevisjon krev at fjellstyret sine tilskotsordningar blir teke opp til ny behandling minimum ein gong kvar fjellstyreperiode.

Fjellstyret har følgjande tilskotsordningar som må behandlast på nytt:

1. Tilskot til stølspost. Fjellstyret har dekket ca kr 8.000 til utkjøring av stølspost.
2. Tilskot til aggregat. Eingongstilskot på inntil kr 8.000 pr bruk og ordninga er lite brukt i dag.
3. Tilskot til gratis jegerprøve for ungdom. Varierende sum frå år til år.
4. Tilskot til turmål – innkjøp av premie (kopp), ca kr 3-4.000.
5. Sykkelprosjekt, kr 8000 pr år. Dette er reint formelt ikkje tilskot, men eit prosjekt vi er deleigar i.

Vedtak:

Fjellstyret vedtek å vidareføre tilskot til stølspost, aggregat, jegerprøve og turmål. Deltaking i sykkelprosjektet skal leggjast fram som eige sak til neste møte.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 7.3.08

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Revisjon